

HYLLESTAD KOMMUNE
MØTEBOK

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
08/03 - 47	
DATO 19 FEB. 2003	
AN 501 Vassdalen	LKSP.

Styre/råd/utval	Saksnummer:	Møtedato:	Sakshandsamar:
Formannskapet	08/03	13.02.03	Ordfører

**ENDRING I REGLANE OM HEIMFALL-
HØYRING**

VEDLEGG I SAKA:

Høyringskriv datert 5.12.02
Uttale frå KS til Eolje og Energidepartementet datert 10.10.02

IKKJE TRYKTE SAKSDOKUMENT:

Høyringsdokumentet datert 29.11.02

SAKSGANG:

Formannskapet

Utskrift til før vedtak:

Utskrift til etter endeleg vedtak:

Storingsgruppene
Olje og Energidepartementet
KS-sentralt

Medlemer til stades: 5 av 5	Arkiv nr:
-----------------------------	-----------

SAKSUTGREIING:

1. KVA SAKA GJELD:

Olje og energidepartementet gjer framlegg om heimfall av alle offentleg eigde vassfall 75 år etter at lovendringa blir sett i verk. "Offentleg eigde vassfall" betyr i praksis vassfall eigde av kommunar og fylkeskommunar – som pr. dato eig omlag halvparten av den utbygde vasskrafta. Omgrepet "heimfall" betyr at Staten når konsesjonstida ute – som regel 50 eller 60 år – vederlagsfritt har rett til å overta fallrettar med kraftstasjonar og tilhøyrande installasjonar.

2. BAKGRUNN FOR SAKA:

Det som har utløyst dette framlegget er ESA sitt syn på heimfall slik det blir praktisert i dag, nemleg at kommunar og fylkeskommunar får evigvarande konsesjonar ved fornying, medan private selskap og utanlandske eigarar må levere både kraftverk og tilhøyrande installasjonar gratis til Staten når konsesjonstida er ute. Dette meiner ESA er diskriminerande og dermed i strid med EU sine konkurransereglar. Definisjonen på "privat eige" og "utanlandsk eige" er i denne samanheng at slike interesser eig meir enn 1/3 av anlegget.

Heimfallsinstituttet er ein del av dei norske konsesjonslovene som vart innført gjennom hastevedtak i Stortinget tidleg i førre århundre – i ei tid då private fossespekulantar og utanlandske oppkjøparar la under seg verdifulle vassfall for ein billeg penge. Fallrettane i Ålfoten vart t.d overdregne frå bøndene til Dir. Ragnvald Blakstad for nokre få tusenlappar.

Stortinget såg faren for at ein verdifull ressurs kunne gli ut av nasjonal kontroll – og bli m.a. ein hemsko for ei gryande industrireiseing. Konsesjonslovene vart seinare vedtekne grovt sett i si noverande form i 1917.

3. PROBLEMSTILLING/FAKTISKE OPPLYSNINGAR:

Først bør vi merke oss at Noreg overfor ESA har hevda at vasskrafta ikkje er omfatta av EØS-avtalen og konkurransereglane såleis ikkje gjeld på dette området. Derfor blir heller ikkje regelendringa offiselt grunngjeven med omsynet til ESA – men med at ei samling av denne næringa på Staten sine hender vil gje betre utnytting av ressursane. Det er likevel liten tvil om at endringane blir fremja for å unngå at ei slik sak kjem opp for EU-domstolen. Endringane er også tilpassa regelverket.

OED går i tillegg lenger enn kva ESA krev, i og med at departementet m.a. vil endre fordelinga av det økonomiske oppgjeret ved heimfall slik at kommunane sin del blir redusert.

KS-bedrift støttar OED i synet på at det bør gjerast endringar som fjernar ESA sine ankepunkt om diskriminering, men lanserer ein annan modell enn full statleg overdraging av alt. KS ynskjer at dei nye reglane berre blir gjort gjeldande for dei anlegga som blir overdregne til nye eigarar etter at lova er sett i verk. Det opnar for at kommunar og fylkeskommunar som

ynskjer å halde på lokal eigarskap kan få høve til det – og utan at heimfall blir gjort gjeldande når konsesjonstida er ute.

4. ORDFØRAR SI VURDERING:

Først vil eg halde fram at Noreg burde ha prøvd ei sak for EU-domstolen i staden for å bøye av utan sverdslag, evt. teke det med som eit krav under dei pågåande EØS-forhandlingane. Den grunnleggande argumentasjonen for nasjonal kontroll med slike ressursar er ikkje annarleis enn for meir enn hundre år sidan. Det handlar framleis om ein evigvarande naturressurs og det handlar om kontroll med ein livsviktig infrastruktur. Og det handlar ikkje minst om prisen på energi både for hushald og næringsliv.

Det Olje og energidepartementet opnar for, er at i prinsippet all kommunal og fylkeskommunal kraftproduksjon i ein 75 –årsperiode kan komme på utanlandske hender. Det er til og mest sannsynleg at det blir resultatet. Blir det opna for fritt sal, vil prisane på kraftaksjar mest truleg stige fordi det blir fleire kjøpedyktige og kjøpevillige aktørar. Dette, kombinert med verdien det her er snakk om – ein stad mellom 160 og 200 milliardar kroner – gjer at det ikkje vil vere mogeleg for nokon norsk aktør å sikre seg ein vesentleg del ved det massive utsalet som fort kan komme. Statkraft med sine 35-40 % av dagens produksjon er nok eit stort selskap nasjonalt, men "ein mygg" internasjonalt. For større tyske, franske eller amerikanske selskap er dette imidlertid overkommelege summar. Tyske E.On t.d, har ein kapitalbase på storleik med det norske oljefondet.

KS-bedrift sitt framlegg er etter ordførar si oppfatning noko betre i og med at det i alle fall opnar for at kommunane sjølve kan halde på eigarskapen og såleis sikre den lokale og nasjonale kontrollen om dei så ynskjer. Men bør det vere opp til kommunestyra å sikre nasjonale interesser? Og kva sjansar vil kommunane i åra framover ha til å stå imot presset – under ei vedvarande økonomisk krise?

Det er godt mogeleg at det er fåfengt å be om det, men i ei høyringssak ynskjer ordførar å halde fram sitt primære syn. Saka bør stoppast og Noreg bør gå tilbake til ESA og avise det som enno ikkje er formulert som eit krav. Sjølv i ei tid med tiltakande globalisering bør det vere mogeleg å vinne fram med det synet at nasjonane trass internasjonale handelsavtaler bør ha full råderett over si eiga grunnrente – anten det no er oljekjelder eller kraftkjelder.

5. TILRÅDING FRÅ ORDFØRAR:

Formannskapet ber om at prosessen blir stoppa og at heimfallsretten i si noverande form om nødvendig blir prøvd for EFTA-domstolen. Det bør i tillegg vurderast å gjere dette til tema i dei pågåande EØS-forhandlingane.

FORMANNSKAPET SI HANDSAMING:

Ordføraren trekte tilrådinga, og sette fram følgjande ny tilråding:

1. *Formannskapet viser til ordførar si saksutgreiing og seier seg samd i at det er svært viktig å halde på den nasjonale kontrollen med ressursane. Begge dei to alternativa som er føreslegne vil etter formannskapet si meining føre til eit sterkt salspress der risikoen er utanlandsk eigarskap i løpet av kort tid.*
2. *Formannskapet viser til at det i Stortinget blir drøfta ei utsetjing, slik at norske styresmakter får høve til å utgreie saka nærare. Formannskapet støttar dette synet.*

FORMANNSKAPET SITT SAMRØYSTES VEDTAK:

1. Formannskapet viser til ordfører si saksutgreiing og seier seg samd i at det er svært viktig å halde på den nasjonale kontrollen med ressursane. Begge dei to alternativa som er føreslegne vil etter formannskapet si meining føre til eit sterkt salspress der risikoen er utanlandsk eigarskap i løpet av kort tid.
2. Formannskapet viser til at det i Stortinget blir drøfta ei utsetjing, slik at norske styresmakter får høve til å utgreie saka nærare. Formannskapet støttar dette synet.